



PÅ KYRKJEVEG

KYRKJEBLAD FOR ØYSTRE SLIDRE

NR. 2, 58. ÅRGANG, 2019



Konfirmantar våren 2019

BAKRE REKKE: Anders Robøle Fegri, Håvard Berg, Bjørn Olav Robøle

REKKE NR. 2 BAKFRA: Martin-Kristoffer Nerstad, Henning Hermundstad Snekkerhaugen, Jørgen Sagahaugen, Rasmus Hansen Rakstad, Ingeborg Aastveit, Mathias Nybråten Damstuen

REKKE NR. 3 BAKFRA: Kristina Rødningen Kolbjørnshus, Inga Thon Rogne, Sander Engelund Bergli, Anja Evensen Brugrand, Lone Kristine Kyseth-Lykken, Ingunn Kristindotter Framstad, Andreas Robøle, Silje Kolbjørnshus Rogne, Anders Aasen, Julianne Svendsen Killi

FREMSTE REKKE: Eli Vatn, Even Andreas Thon, Morten Sørensen, Marthe Dahlen Myhre, Ingeborg Onstad, Helene Windingstad, Sunniva Rudi-Nereng, Tuva Bryhni Andersen, Ole-Christopher Tvetene Mably, Noah Haugseth, Anne Britt Skåthun Sørum



Historisk med 3 lister i Kirkevalget 2019

BISKOPEN HAR ORDET

For første gang vil det i Hamar bispedømme foreligge tre lister til valg av leke medlemmer ved Kirkevalget i 2019 - fra Bønnelista, Nominasjonskomitéens liste og Åpen folkekirke.

Ved årets Kirkevalg er det 3 lister til valg av leke ("Leke medlemmer" i denne sammenhengen er alle som er medlemmer i Den norske kirke, og som ikke er ansatt som prest eller i annen kirkelig stilling i bispedømmet i stillingsstørrelse over 15 timer) medlemmer til bispedømmeråd/Kirkemøtet - Bønnelista, Nominasjonskomitéens liste og liste fra Åpen folkekirke.

- Dette betyr at det ved dette kirkevalget blir et reelt valg.
Nå er det viktig at kirkemedlemmene stemmer på de kandidatene de mener best kan være med å legge føringer for arbeidet i kirka de neste fire årene, både regionalt i bispedømmet og nasjonalt gjennom Kirkemøtet. Kirkemøtet består jo nettopp av de som velges inn som bispedømmeråds-medlemmer i bispedømmene.

Presentasjon av lister og kandidater:

Alle kandidater blir etterhvert presentert på www.kirkevalget.no og www.kirken.no/hamar, med bilde, navn og personalia. De leke kandidatenes syn på kirkeaktuelle spørsmål blir presentert av den enkelte liste.

Så til deg som leser dette, bruk stemmeretten din!



DEN NORSKE KYRKJA

ØYSTRE SLIDRE PRESTEGJELD

Kyrkjekontoret, Tingvang
Bygdinvegen 1989, 2940 Heggnes

E-POST:
post.oystreslidre@kyrkja.no

KONTORTID:
Alle dagar 10 - 14

Dagleg leiar:	ANNE NORA ALUND	61 35 25 76
Sokneprest/fjellprest:	ELI VATN	991 29 976
Prost:	CARL PHILIP WEISSER	915 55 504
Sekretær:	ODDVEIG HOLDAL WEEG	61 35 25 78
Kyrkjetenar:	JON GUNNAR SOLHAUG	61 35 25 80
Kyrkjemusikar:	MAGNE OLAV SELAND	934 19 294
Menighetspedagog:	ELLEN ODDVEIG RUDI	948 65 195

PÅ KYRKJEVEG - Kyrkjeblad for Øystre Slidre
Utgjevar er sokneråda i Øystre Slidre.

REDAKSJON:
Eli Vatn, Martha Viken, Ingrid Meyrick og
Oddveig Holdal Weeg.

Bladet kjem med 4 nummer i året.
LAY-OUT: designsaskia.no
TRYKK: Bekkevolds Lyskopi ANS
KONTO NR.: 2135 25 01678 / VIPPS: 105751

FRIST FOR INNLEVERING AV STOFF TIL NESTE
NUMMER: 6. AUGUST 2019

FRAMSIDEFOTO: Saskia Aleida Van Veen

LIDAR KYRKJE
Klokkar: Anne Britt Skåthun Sørum
Kyrkjetenar: Harald Melby
Reinhaldar: Harald Melby
Soknerådsleiar: Mette Mari Lein
996 90 632

HEGGE KYRKJE
Klokkar: Ellen Oddveig Rudi
Kyrkjetenar: Jon Gunnar Solhaug
Reinhaldar: Synnøve Rødningen
Soknerådsleiar: Gunvor Hegge
907 40 702

VOLBU KYRKJE
Klokkar: Hildur Vingdal
Kyrkjetenar: Svein Hegge
Reinhaldar: Svein Hegge
Soknerådsleiar: Einar Eriksen
907 59 702

ROGNE KYRKJE
Klokkar: Ellen Oddveig Rudi
Kyrkjetenar: Svein Erik Rogne
Reinhaldar: Svein Erik Rogne
Soknerådsleiar: Berit K. Myrvang
970 02 721



Solveig i utøving av Tai Chi

Det siste året har eg budd i Kunming, ein by heilt sør i Kina. Her har eg fått prøve meg på alt mogleg rart av kinesisk kultur, være seg kinesiske instrument eller kampsporten Taiji som direkte oversett tyder skuggboksing, ein boksar altså ut i lufta - ja, kanskje mot sin eigen skygge.

Eg har fått prøve meg på sandmaling der rammer av gull skulle fyllast med sand og lim, og eg har fått forsøke meg på klassisk kinesisk maling: slike vakre einsfarga naturbilde med bambusskogar og fossefall. Dette og mykje anna har eg fått lære takka være ei som omsette alle detaljane for meg.
Korleis stryk ein penselen riktig, og kvifor er dette viktig?



Etter eitt år lærte eg sjølv ein del kinesisk, tolk var ikkje lenger like nødvendig. Staden eg merka det mest var i volontørarbeidet mitt. Der var det berre ei eg snakka engelsk med, men når ho jobba, var det dei andre damene eg måtte be om hjelp. Eg skal heller ikkje overdrive min kinesiskkunnskap, det var fortsatt mykje eg ikkje forstod, og det meste av tida sat eg og lytta til deira samtalar om eit eller anna. No

Ein ordlaus relasjon.

AV: SOLVEIG VATN WEISSER



er eg akkurat komen heim frå min siste dag, og eg er overvelda over kor godt eg kjenner dei, og dei sterke band som vart knytt i løpet av alle dagane vi var saman. Men kva fakta veit eg eigentlig om dei?

Eg tenker nemleg at ord ikkje er en nødvendighet for å bli kjent, frå tid til anna trur eg ord faktisk kan sette opp barrierar for våre relasjonar. I kyrkja er det mange ord. Gudstene-sta vår er bygd opp rundt bibellesing, og preika er ein heil haug med ord. Sjølv musikken, salmeskatten, bruker ord. Og eg, eg treng ord for å kunne skrive denne andakten. Ein av dei handlingane som dukkar opp i folks tankar når ein snakkar om "det kristne" eller det som "gjer at ein er kristen", trur eg er bøn. Det er mykje godt med å bruke ord, men det er en viktig lærdom at relasjonar som vert bygd utanfor språkets grenser er minst like viktige.

Stemmebandet til damene på kontoret fylte ein del av kvardagen min her i Kina. Det var ofte uforståeleg, men likevel utruleg viktig. Slik er også min relasjon til Gud. Det er ikkje alltid eg forstår, og oppgjennom livet har mine kjære foreldre drege meg med i kyrkja kor eg har vært

med på ritual og songar som eg slett ikkje kan forstå. Likevel er gudstene-sta blitt viktig for meg. Og eg lærer, eg lærer at "Kyrie" vert sunge som et spørsmål til Gud om at han må gje oss nåde og barmhjertighet, og nåde igjen betyr Guds tilgjevande kjærleik. Tilgjeving er i mitt tilfellet ei handling eg har lært frå eg var lita, men det er faktisk sånn at vi må lære det. På Papa Ny Guinea kom hele konseptet om tilgjeving først inn i folket og språket da dei første misjonærene omsette Det nye testamentet. Dei måtte rett og slett skape eit nytt ord med ved å setje saman ordet for « å viske ut noko frå eins minne» og ordet for å «gje ei gåve utan å forvente noko tilbake», og så måtte dei lære handlinga til-gjeving.

Eg har lært meg litt kinesisk, men det er fortsatt ei æve av ting eg ikkje forstår, og det vil nok bli mykje eg gløymer. Og sjølv om eg ikkje "kan" Gud, så er Gud som stemmene til damene på kontoret. Eg trur orda deira har meining sjølv om eg ikkje forstår dei, og eg tør påstå at det er eit av dei beste utgangspunkt for å lære nokon eller noko å kjenne. Så da er det opp til meg å spør, grave, tolke og lære. Kven, kva og kvifor er du?



På verdivandring med heile folket.

I nokre år no har eg gått verdivandring med forskjellige menneske. Til stor glede for meg, og eg har og fått mange signal på at det har vore til glede for lesarane av Kyrkjebladet.

Eg var ikkje den fyste som kom på dette med verdivandring.

I 1870 tok Bjørnstjerne Bjørnson initiativet til det fyste barnetoget i Kristiania for å feire grunnlova. Ingebrigt Steen Jensen har påpeikt at ritual er noko vi gjer for å halde oppe dei verdiane vi trur på. Kvar 17. mai pyntar vi oss, kjem saman og vandrar i lag for å minnst og å halde levande dei grunnleggjande verdiane i landet vårt.

I år tok eg del i feiringa med fokus på kva for verdiar er det som kjem til uttrykk på vår 17. mai feiring.

Vi starta i Volbu kyrkje klokka 09.30, og då eg sneik meg inn under første salme merka eg meg litt skamfull verdien av å stå opp litt tidlegare 17. mai. Likevel slo verdien av å høyre til i eit fellesskap meg når eg såg kjende bygdemenneske sitje der framfor meg. Prosten held fram botemidlet mot det han såg som samfunnsfarar i dag; hovmod, eller å vera høg på seg sjølv, selvfølgelighet; som gjer at

ting kan bli likegyldige og frykt. Og verdiane bakkekontakt og kunnskap om historia, takksemnd og motvart løfta fram som botemiddel.

Om det var prostens oppmoding til bakkekontakt, eller vesletåas protester mot bunadsskoa veit eg ikkje, men eg oppdaga fort verdien av gode sko når ein skal ut og gå.



Verdien av gode sko...

Oppe ved sjukeheimen vart kjensla av å vera mange overveldande, gleda over mange kjende seig og innover ein ny innflyttar når eg kunne gje og få gratulasjonar frå så mange, og sjå at eg kjende dei som budde der og helste oss når toget gjekk forbi.

I toget nedover kjem eg i prat

med tidlegare konfirmant Therese (kor tida går) som no er russ. Det er ikkje mange raukledde i toget, og det er ikkje verst å stille i tog slik eg veit 16. mai er feira for mange.. Ikkje heilt frivillig å vera oppe så tidleg kan ho røpe, men far hennar held fram verdien. «helt om natta, helt om dagen» ... og ja, den er det mange som kjem langt med i livet...



Helt om natta, helt om dagen.

Vi vandrar vidare, småprater, ler, og soknepresten er heilt på grensa i fleipen når vi passerer Ine Wigernes, for høvet togsjef, og eg får streng-spøkefullt påbod om å gå skikkeleg i toget. Eg forsøker å gøyme skoa, og vi skifter tema til dei store spørsmål i livet medan vi følgjer toget vidare.



Togsjef Ine passsar på.



Kyrkjebakken er og ein triveleg samlingsplass.

På Tingvang vert vi verkeleg møtt med kjensla av å vera mange, ikkje minst når vi saman med korpset og flotte unge forsongarar syng nasjonalsongen. Tale for dagen er ved varaordfører Marit Synnøve Opheim.



Marit Synnøve held tale for dagen. Verdien av å syne kva vi står for.

Det er i seg sjølv ein stor verdi at levande menneske står fram og fortel kva dei trur på. I møte med levande menneske, ikkje klippa eller avbroten av aggressive reporterar eller meiningsmotstandarar. Det styrker demokratiet å sjå menneske vi kjenner som står for noko. Og verdiane ho løfter fram er nett demokratiet; kor naudsynt det er å engasjere seg for å halde det levande. Kor flott det er med det frivillige engasjementet her i landet. Ho blir diverre klippa her og, men sluttrepikken skal få stå: «Vi er alle like viktige, unike og verdifulle som menneske!»

Ordfører Kjell Berge Melbybråten er og takksam for å bu i slike en flott kommune, og held fram verdien av å la dei unge få ei stemme. Han tenker på valet til hausten, men gjer det tydeleg når han går ned av scena og slepp til Rogne Skule. Her kjem verdien av å «være seg sjæl, se mitt fjes som det er, ingen maske, ingen hemmeligheter..»

tydeleg til uttrykk. Songgleda er ikkje mindre tydeleg når Lidar skule stemmer i med «kom alle sammen bli med til eventyrland...»

Var ein no ikkje mett på gode verdiar, vart det bydd på kake, pølse, is, leiker og gråtassar. For den som ikkje kjende sterkt på verdien av å slakke på bunaden og kvile seg var det høve til å ta del i meir godt bygdefellesskap i Volbu grendahus... eller andre stader ein runda av dagen.



Kaker er av stor verdi!

MIN SALME



FAGERT ER LANDET.

Eg har valt meg salmen Fagert er landet du oss gav.

Eg er veldig glad i naturen og landet eg er så heldig å bli fødd i og leva livet mitt i, og denne salmen understrekar dette.

Salmen er skriven av Anders Hovden i 1907. Han var prest i Krødsherad, og skreiv desse versa etter ein skitur langs Krøderen. Sjølv om det var ein vinterdag som inspirerte diktaren, blir salmen oftast brukt i samband med nasjonaldagen vår, 17. mai.

Teksten fører tankane mine til ein vakker vårdag med utsyn til fjell med kvite snøseger, grønt lauv og blått hav. Salmen formidlar kjærleik til natur, fedreland og folket som bur her, og bøn om hjelp til å leva i harmoni og respekt i all framtid. Dette er vel ei bøn vi kan vera med på også i 2019.

– Gunvor Hegge

*Fagert er landet du oss gav,
Herre, vår Gud og vår Fader!
Fagert det stig av blåe hav,
soli ho sprett og ho glader,
signar vårt land i nord og sud;
soleis di åsyn lyser, Gud,
over vårt Noreg i nåde.*

*Likjest vårt folk i mager jord
skjelvande blomen på bøen,
står utan livd i vind frå nord
tett innmed kanten av snøen.
Herre, du ser med miskunn ned,
folket vårt gjev du livd og fred,
er oss så kjærleg ein Fader.*

*Tidi ho renn som elv mot os,
fort skifter sumar med vetter.
Fader, ver alltid Noregs los
radt til dei seinaste ætter!
Herre, vår Gud, vår Noregs Gud,
varda vårt land frå fjell til flud,
lær oss å gå dine vegar!*

*Signa då, Gud, vårt folk og land,
signa vårt strev og vår møde,
signa kvar ærleg arbeidshand,
signa vår åker med grøde!
Gud, utan deg den vesle urt
veiknar og visnar, bleiknar bort,
ver oss du ljuset og livet!*

GLIMT FRÅ TÅRNAGENTHELG I LIDAR OG VOLBU KYRKJE



VOLBU: Oppdrag forbøn!
Førebuing til gudstenesta
søndag 5. mai.



VOLBU: Velkomen til Volbu
kyrkje Tårnagentar.



VOLBU: Oppdrag dåp for Tårnagentane i Volbu. Kor mykje vatn er det rom for i ein døpefont, og kva symboliserer vatnet.



LIDAR: Livlige tårnagentar klare for prosesjon inn til gudstjenesten i Lidar 28. april.

TEKST OG FOTO: ELI VATN



LIDAR: Agent oppgaver skal løysast må vite.



LIDAR: Pølsekølv for de 15-16 Tårnagentane fra Hegge og Lidar.



VOLBU: Moro å samle vel tjue tårnagentar til song i prestegarden i Volbu.

UTDELING AV 4-ÅRSBOK

UTDELING AV 4-ÅRSBOK I HEGGE KYRKJE, 13. JANUAR 2019.

Dei som fekk bok: f.v Aaron Nordberg, Hedda Kårstad Dale, Aksel Kårstad Dale, og Solvår Andrea Berge Aastveit saman med storesyster.

FOTO: SILJE NORDTORP



UTDELING AV 4-ÅRSBOK I ROGNE KYRKJE, 13. JANUAR 2019.

Dei som fekk bok: (f.v) Emil Hagen Bergene, Emil Andreas Sebu Størdal (sitjande), Frida Grønvold, Sigrid Edle Prestrud Halset, Emilie Sebu, Markus Oliver Løkkebø, Halldor Hegge Blomlie og Mari Rogne Dahlen.

FOTO: BERIT KARLBERG MYRVANG.



Salmekvelder i Rogne kyrkjestogo.

Vi har hatt to salmekvelder sidan nyttår. Begge gongene har vi hatt det på ein måndag etter ein søndag utan messe i Øystre Slidre. Marit Hegde og eg plukker ut salmar som høver til årstida og siste sundagens tekstar og så har vi ein runde med «ønskekonsert» der dei framførte kan koma med forslag. Innimellom salmene les eg tekstane for siste søndag og Berit Karlberg Myrvang stiller med kaffi og nysteikte kaker. Den siste samlinga vår samla 21 sangglade menneske og vårsongane fylte heile rommet saman med Marit sitt flotte tonefylgje på piano. Dette er god investering i folkehelsa, musikkterapi på sitt aller beste. Vel møtt til samlingene våre utover hausten!

Ingrid Meyrick



Trivelege songandaktar på sjukeheimen.

Ein tysdag omtrent kvar fjortande dag er det tid for songandakt i begge etasjar på sjukeheimen. Organist Magne Olav pleier å ha med seg fela si og når prost Carl Philip kjem blir det gjerne gitarakkompagnement til songane. Det er dei kjende songar og salmar som vi syng. *No livnar det i lundar* og *Fagert er landet* kling godt i mai når ein samstundes kan sjå ut på ein vakker Heggefjord, skogkledd årar og kvitkledd Jotunheim i bakgrunnen. Magne Olav har alltid hardingfela med og då er det moro å sjå at takta er på plass hjå bebuarar på heimen. Ord til ettertanke høyrer med, og bibelsoga er kjent stoff. Ekstra nøyte følgjer bebuarane med når eg fortel om alt som skjer i dei lokale kyrkjene, anten det er barnedåp eller tårnagentar og lys vakne ungar eller store bryllaup og trivelege stølsmesser. Om dei ikkje sjølv kan vere med på alt som skjer lenger er det mange gode minner frå tidlegare tider som kan aktiverast.

Carl Philip Weisser



Solveig Sandberg

Altarduk i Rogne kyrkje



DENNE GONGEN har eg teke turen til Rogne kyrkje som har vore eit samlingspunkt i bygda sidan 1857. Slik ho er bygd verkar ho open og vid. Og vel over dørstokken vert ein møtt av eit interiør i lyse og avstemte fargar. Fargane i altartavla som Simen

Erlandson Skaran Haug måla rundt 1780, har styrt fargevalget i resten av kyrkjerommet. Kraftsenteret i ei kyrkje er som kjent altaret. Skaran har måla ein kvit duk på nattverdsbordet som Jesus og disiplane er samla rundt. På altaret i Rogne ligg også ein vakker kvit duk

nesten som ei forlenging av den på måleriet.

DET VAR Ragnhild Onstad som pryda den kvite linduken med firflettingar. Hennar handverk har lagt seg som ein vakker bord rundt kanten av bordet. Fleire kvinner bidrog til å skapa denne prydnaden på altaret. Det var Magny Karlberg som jamt og varleg slo trådane inn i veven. Så kom tøyen i Ragnhild Onstad si varetekt. Ho hadde den gamle teknikken å flette med fire trådar i hendene. I 2007 vart duken lagt på altaret i Rogne for fyrste gong. For å ta godt vare på han laga Anna Moen i 2017 ein overduk. Desse kvinnene har alle bidrege til å skapa høgtid og fest i kyrkja. Det er berre for oss å glede oss og ta imot.



Lister og meir informasjon om kyrkjevalet kan du finne på kyrkja sine nettsider:

www.kyrkja.no/oystre-slidre

Di kyrkje - ditt val!

Kyrkjevalet 2019

Di stemme tel i Kyrkjevalet!

Er du ein av dei 3,7 millionane som er medlem i Den norske kyrkja? Då er stemma di viktig i Kyrkjevalet!

Når du stemmer, gir du ein tommel opp til den lokale kyrkjelyden din, og du er med på å bestemme kven som skal leie den framover.

Korleis hadde lokalsamfunnet vårt sett ut utan kyrkja? Korleis ville landet vårt vore utan ei folkekyrkje? Kyrkja er til stades over alt i Noreg. Den tek del i kvardagsliva våre og ved større og mindre hendingar i livet. I sorga og festen, i trøysta, songen, leiken og gleda. Kyrkja er open for alle, frå vogge til grav. Kyrkja har rom for deg!

Korleis vil du at kyrkja skal vere? Ved Kyrkjevalet 8.-9. september har du høve til å påverke: På same tid som det er val til og kommunestyre og fylkesting og i eit vallokale like ved, kan du også stemme fram kven som skal leie kyrkja på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå. Du kan også stemme på førehand frå 12. august til 6. september.

TO VAL

Kyrkjevalet er to val: Du kan stemme på kandidatar til soknerådet og til bispedømmeråd og Kyrkjemøtet.

Til soknerådsvala har ein gjeng flotte medlemer sagt ja til å vere kandidatar til sokneråda i Rogne, Volbu, Hegge og Lidar, og leie kyrkjelydane dei fire neste åra. Dette er eit fleirtals-val, der du har høve til å gje inntil tre kandidatar ei ekstrastemme. Kandidatane med flest stemmer blir med i rådet.

Ved val til bispedømmeråd og Kyrkjemøtet i Hamar bispedømme stiller Bønnelista, Nominasjonskomiteens liste og Åpen folkekirke lister. Dette er eit forholdstallsval, der den en-delege samansetjinga av rådet speglar både kor mange stemmer som gjekk til kvar enkelt liste og til kvar kandidat. Veljarane kan gje ekstra stemme til tre kandidatar og i tillegg flytta over inntil tre namn frå andre lister til den lista dei stemmer på.

Kvart av dei elleve bispedøma i landet vårt har eit bispedømmeråd. Rådet tilset blant anna prestar og leier bispedømmet saman med biskopen. Medlemene av bispedømmerådet er også medlemmer av Kyrkjemøtet, det øvste representative organet i Den norske kyrkje.

FRÅ JUSS TIL GUDSTENESTE

Arbeidet til soknerådet og bispedømmerådet spenner over mange tema. Det kan vere bar-ne- og ungdomsarbeid, juss og økonomiforvaltning, tilsetjingar, gudstenester, miljø og rettferd, omsorg, musikk og misjon. Råda skal sørge for vekst og næring til kyrkja og lokal-samfunnet der du bur.

Første veka i august får alle medlemene i Den norske kyrkja eit valkort og ein brosjyre om valet. Følg med i postkassa, møte opp og stem!

Les meir om kandidatane til begge vala på www.kyrkjevalet.no

GODT VAL!

FØREHANDSSTEMMINGA er frå:

12. august - 6. september
måndagar, tysdagar og fredagar
kl. 10:00 - 14:00 på kyrkjekontoret på Tingvang.

På sjukeheimen:

28. august kl. 11:00 - 13:00

PÅ VALDAGEN:

8. september: kl. 14:00 - 18:00
9. september: kl. 10:00 - 18:00

Stad: I møtelokalet ved resepsjonen på Tingvang.

GENERELL INFORMASJON OM KYRKJEVALET HENTA FRÅ KIRKEN.NO

Stemmetillegg

Listestillerne til Bønnegruppa og Åpen folkekirke har gitt stemmetillegg til sine to øverste kandidater (Navn med uthevet skrift). Det betyr at disse gis et stemmetillegg i sitt person-lige stemmetall på 25 % av det antall stemmesedler listen mottar ved valget. For nomina-sjonskomiteens liste er det ikke anledning til å gi slikt stemmetillegg.

Presentasjon av lister og kandidater

Alle kandidater blir etterhvert presentert på www.kirkevalget.no og www.kirken.no/hamar, med bilde, navn og personalia. De leke kandidatenes syn på kirke-aktuelle spørsmål blir presentert av den enkelte liste.

Lister til valg av prest og lek kirkelig ansatt i bispedømmerådet/Kirkemøtet

I egne valg i perioden fra 15. juni til 9. september skal prestene velge en prest som med-lem i bispedømmerådet. De kirkelig ansatte i bispedømmet skal også velge sin representant til rådet i samme periode.

Alle listene ble godkjent av valgrådet i Hamar bispedømme 6. mai 2019.

Hva er "leke" medlemmer?

"Leke medlemmer" i denne sammenhengen er alle som er medlemmer i Den norske kirke, og som ikke er ansatt som prest eller i annen kirkelig stilling i bispedømmet i stillingsstørrelse over 15 timer.

Flertallsvalg: Ved valg av menighetsråd er det flertallsvalg, valgformen som brukes når det er én liste. De kandidatene som får flest personlige stemmer, velges.

Forholdstallsvalg: Når det er flere lister, slik som ved valg til bispedømmerådet, er det forholdstallsvalg. Listene får et antall representanter etter hvor mange som har stemt på listen. De kandidatene som får flest personlige stemmer på hver liste blir listenes representanter. For Nominasjonskomiteens liste er det satt en sperregrense for personlig stemmetall.

Sperregrense for personlig stemmetall: Velgere kan sette kryss ved navnet til en kandidat på listen. For nominasjonskomiteens liste må minst fem prosent av de som har stemt på listen, ha satt kryss ved samme person for at det skal få konsekvens for rekkefølgen på listen.

Fakta om Kirkevalget:

- 8. og 9. september 2019 avholdes Kirkevalget i alle de 163 menighetene i Hamar bispedømme på samme tid og sted som Kommunestyre- og fylkestingsvalget.
- På landsbasis er det ca. 3,1 millioner nordmenn som har rett til å stemme ved Kirkevalget 2019
- For å stemme ved valget, må du være medlem i Den norske kirke og minst være 15 år, dvs. fylle 15 år i løpet av valgåret.
- Ved menighetsrådsvalget i Hamar bispedømme stemte 19,7 % av velgerne ved menighetsrådsvalget. 17,5 % stemte på bispedømmerådsvalget.
- Kirkevalget er to valg; du velger kandidater både til menighetsrådet der du bor og til bispedømmerådet.
- Medlemmene av bispedømmerådet er også medlemmer av Kirkemøtet, det øverste representative organet i Den norske kirke.
- I Hamar bispedømme skal det velges nye menighetsråd i alle 163 sokn, samt 7 leke representanter, én prest og én kirkelig tilsatt til Hamar bispedømme-råd/Kirkemøte
- På landsbasis skal det velges omtrent 7000 rådsmedlemmer i Kirkevalget 2019
- I valg til Kirkemøtet og bispedømmerådet i Hamar bispedømme er det 3 ulike kandidatlistor; Bønnelista, Nominasjonskomiteens liste og Åpen folkekirkes liste, med tilsammen 39 kandidater.

Visste du at...

- Ved kyrkjevalet i 2015 stemde 520 323 kyrkjemedlemer. Det var ei rekorddeltaking på 16,7 prosent.
- Ca. 3,1 millionar nordmenn har rett til å stemme ved Kyrkjevalet 8.-9. september.
- Du må vera døypt for å vera medlem i Den norske kyrkja.
- Ungdom har stemmerett i Kyrkjevalet frå året dei fyller 15.
- Eit sokneråd har 4-10 medlemer, i tillegg til soknepresten. Medlemene har ulike utdannings- og yrkesbakgrunn og mange er også aktive på andre arenaer i lokalsamfunnet.
- Til saman skal 7.000 rådsmedlemer bli stemde inn i Kyrkjevalet 2019.

På side 11 finn du lister over kandidatar til sokneråda i Øystre Slidre

FJELLJAZZKONSERT I LIDAR 30. AUGUST KL. 20.00.



Også i år arrangerer Lidar sokneråd konsert i Lidar, i samarbeid med Ostefestivalen 2019. Det er Gosen Gla'jazz som kjem, dei var der også i 2011 i regi av Fjelljazz'en. Som gjestevokalist har dei med seg Magni Hveem. Som biletet viser støttar ho seg på ein "preikestol" når ho syng. For 11 år sidan vart ho som 17-åring lam frå livet og ned etter ein mislukka ryggoperasjon. Med ukueleg vilje og livsmot har ho trent seg dit ho er i dag. Dette vil bli nok ei fin konsertoppleving i Lidar kyrkje!

Toralf Baldersheim

NYOPPUSSA KYRKJESTOGO I HEGGE



Sommaren 2018 og fram til bispevisitasen i oktober gjennomgjekk kyrkjestogo i Hegge full oppussing innvendig. Lyse vegger, nytt golv og gode lamper i tillegg til nytt servise til vel 40 personar, gjer at huset eignar seg ypperleg til møte- og selskapslokale. Kontaktperson er John Magnus Sandberg, tlf. 97516195. Ein stor takk til alle som bidrog til dugnadsinnsatsen, og ein spesiell takk til SpareBank 1 Hallingdal Valdres for økonomisk støtte til prosjektet.

GH

GULLKONFIRMANTMARKERINGA

vert i år den 18. august i Hegge kyrkje kl. 11.00. Etter messa er det middag og festleg samvær i Hegge kyrkjestogo.

Alle som vart konfirmerte i Hegge kyrkje 15. juni 1969 får eige innbyding med påmelding.

TIL DEG SOM SKAL OPP I
9. KLASSE – HAR DU TENKT
PÅ KONFIRMASJON?

KONFIRMANT
2020

Innskriving i Rogne kyrkje 20. august -19 kl. 19.00

Alle ungdommar er velkomne som konfirmatar. Dei som ikkje er døypt må døypast før sjølve konfirmasjonen.

Konfirmasjonsdatoar våren 2020 er:
Volbu og Rogne: 7. juni / Lidar og Hegge: 14. juni
Velkomne til møte i Rogne kyrkje.

1. september kl. 10.00 innbyr vi til Pilgrims-
vandring med start frå Volbu kyrkje, langs
Vindeåne over til Hegge kyrkje kor det blir
gudsteneste kl. 17.00.
Turen er for konfirmantar, føresette, fadrar og
andre som vil vera med.

HEILT FYRSTEKLESSES – UTDELING AV 6-ÅRS BOK!

Bli du 6 år i år?

Då er du velkomen på gudstenesta den 25. august i Rogne kyrkje og i Lidar kyrkje. Her vil du få utdelt 6 års boka, ei bok om Bo og Nora, med både teikneserier og bibelforteljingar. Me ferirar din skulestart med ei heilt fyrsteklasses gudsteneste! Velkommen til deg!

Foreldre, besteforeldre og andre du vil ha med er sjølv sagt også velkomne!

Fyrste-
klassenes

Ledig Stilling Øystre Slidre kyrkjelege fellesråd har ledig stilling som **KLOKKAR** 4% stilling, Hegge sokn frå 1. september.

Ved interesse send søknad til:
Øystre Slidre kyrkjelege fellesråd, Bygdinvegen 1989,
2940 Heggenes eller ta kontakt med kyrkjekontoret
61 35 25 78 tysdag eller fredag 9-15, innan 12. juli 2019.

KANDIDATAR TIL ROGNE SOKNERÅD

Per Arne Nerstad	f. 1958	Mann
Bjørge Dokken	f. 1971	Kvinne
Syver Hegge Blomlie	f. 1990	Mann
Rannveig Rogne Villmones	f. 1982	Kvinne
Ola Birger Rogne	f. 1962	Mann
Eli Dørvresødegård Skattebu	f. 1962	Kvinne
Wenche Berg	f. 1975	Kvinne
Geir Ringli	f. 1966	Mann
Irene Goflebakke	f. 1978	Kvinne
Espen Rogne	f. 1984	Mann
Frode Hovi	f. 1982	Mann
Petra Janne Kristine Nybråten	f. 1960	Kvinne
Kjetil Hovi	f. 1964	Mann
Tryggve Trandokken	f. 1970	Mann

KANDIDATAR TIL HEGGE SOKNERÅD

Arnstein Alund	f. 1955	Mann
Anita Rudi	f. 1963	Kvinne
Knut Harald Tveit Thune	f. 1980	Mann
Siv Dahle	f. 1978	Kvinne
Anne Kristin Nordsveen	f. 1967	Kvinne
Anne Berit Bolstad	f. 1956	Kvinne
Magnus Hansen Rakstad	f. 1975	Kvinne
Marita Gram	f. 1985	Kvinne
Knut Melby	f. 1958	Mann
Liv Astrid Reinlie	f. 1984	Kvinne
Bjørn Robøle	f. 1970	Mann
Ingrid Hegge	f. 1990	Kvinne
Audun Brusveen	f. 1978	Mann
Wenche Onstad	f. 1991	Kvinne

KANDIDATAR TIL LIDAR SOKNERÅD

Line Therese Ditlefsen Nilssen	f. 1964	Kvinne
Odd Roar Hedalen-Heggset	f. 1975	Mann
Turi Hedalen	f. 1974	Kvinne
Inger Marit Viken	f. 1958	Kvinne
Sissel Dahle Lie	f. 1960	Kvinne
Nils Harald Bergheim	f. 1956	Mann
Cathrine Waldal Sveen	f. 1977	Kvinne
Ingvild Langli	f. 1975	Kvinne
Olav Amund Lie	f. 1957	Mann
Sølvi Anette Aas	f. 1970	Kvinne
Marit Helene Rogne	f. 1967	Kvinne
Anders Skrebergene	f. 1987	Mann
Jon Mørstad Flotve	f. 1983	Mann
Gerd Bakkene Brager	f. 1951	Kvinne
Gudrun Kristine Sælid	f. 1956	Kvinne
Bente Skjold Helle	f. 1982	Kvinne
Beate Sunde Knutsen	f. 1952	Kvinne
Jo Oxhovd Svalesen	f. 1990	Mann

KANDIDATAR TIL VOLBU SOKNERÅD

Liv Hirth Skjel	f. 1947	Kvinne
Morten Haugseth	f. 1974	Mann
Bjørge Kristin Skogen Opheim	f. 1963	Kvinne
Øystein Skattebu	f. 1985	Mann
Kristine Rogne	f. 1982	Kvinne
Helge Berger Meisdalen	f. 1958	Mann
Grete Veisene	f. 1969	Kvinne
Nikoline Aleksandra Sindsen Hesjadalen	f. 1994	Kvinne
Tina Rosén	f. 1977	Kvinne
Olaug Okshovd	f. 1964	Kvinne
Janne Berg Nøbben	f. 1992	Kvinne
Solveig Hårdnes	f. 1973	Kvinne
Frode Ophaug	f. 1970	Mann
Marianne Straum	f. 1977	Kvinne



KYRKJELEGE HANDLINGAR

OKTOBER 2018- FEBRUAR 2019

DØYPTTE

LYSKAPPELLET

Olaves Tofte Rindal

HEGGE KYRKJE

Ingunn Kristindotter Framstad

VOLBU KYRKJE

Matheo Opheim Rogne

LIDAR SOKN

Helma Røe Lykken (Hasla kyrkje Nordmøre)

VIGSEL

LYSKAPPELLET

Heidi Halvorsen og Knut Herrem

LIDAR KYRKJE

Karoline Anglevik Erlien og Knut Aakrann
Ziesler
Ingrid Margrethe Olaisen Hagen og Andreas
Heier Sødal

VOLBU KYRKJE - Velsignelse

Manon Schutter og Robert Walsh

DØDE

ROGNE SOKN

Ståle Hovengen (Lomen kyrkje)

ROGNE KYRKJE

Knut Helle
Erik Myreng

VOLBU SOKN

Thyra Johansen (Tingnes kyrkje)

VOLBU KYRKJE

Marit Moen

HEGGE SOKN

Knut Dagfinn Rydland
Ove Arnold Solhaug (Skrautvål kyrkje)

HEGGE KYRKJE

Margit Wårum

LIDAR KYRKJE

Erling Ottar Tvenge
Hans Christian Flaaten

VELKOMEN TIL KYRKJE!

Sjå Avisa Valdres for eventuelle endringar.

Juni

23 06 2019

Volbu kyrkje kl. 11.00 Høgmesse v/ vikarprest Ole Gustav Klevberg. Takkeoffer Kirkens ressurscenter for vold og seksuelle overgrep

30 06 2019

Rogne kyrkje kl. 11.00 Høgmesse dåp v/vikarprest Per Arne Faye. Takkoffer Kyrkjebladet.

Juli

07 07 2019

Lyskapellet kl. 11.00 Gudsteneste. Dåp v/prost Carl Philip Weisser.

14 07 2019

Hegge sokn kl. 12.00 - Stølsmesse Taraldstølen hjå Torger Hegge v/sokneprest Eli Vatn og Gunvor Hegge spelar. Kyrkjekaffe. Vandring startar frå stølen kl. 10.00 Kjør Bergabygde – bommen ved Solhaug ca. 5 km.

21 07 2019

Volbu sokn kl. 12.00 - Stølsmesse i Olægeret hjå Gunnvor Onstad v/sokneprest Eli Vatn. Kyrkjekaffe. Kjør stølsveg Moane-Fullsenn, ca. 23 km.

28 07 2019

Hegge Kyrkje Kl. 19.30 Gudsteneste. Dåp v/ vikarprest Per Arne Faye. Takkeoffer misjonsprosjekt mor og barn i Etiopia.

August

04 08 2019

Rogne sokn kl. 12.00. - Stølsmesse Sørre Trøllåsen hjå Anne Finnbråten og Morten Steinsrud v/sokneprest Eli Vatn. Kyrkjekaffe. Kjør stølsveg Moane-Fullsenn, ca. 14 km.

11 08 2019

Lidar sokn kl. 12.00. - Stølsmesse Heimre Hedalsstølen hjå Anne G. S Hanslien og Gudrun K. Sælid v/sokneprest Eli Vatn og Tore Gran spelar. Kyrkjekaffe. Kjør stølsveg Mørken ca 3,5 km ta av til Heimre Hedalsstølen.

18 08 2019

Hegge kyrkje kl. 11.00. Gudsteneste. Gullkonfirmanttreff v/sokneprest Eli Vatn. Takkoffer Kyrkjebladet.

25 08 2019

Rogne kyrkje kl. 11.00. Høgmesse. «Heilt fyrsteklasses gudsteneste» 6 årsbok til 6 åringane Rogne skule v /prost Carl Philip Weisser og Ellen Oddveig Rudi. Dåp. Takkoffer Barne og ungdomsarbeidet i soknet.

25 08 2019

Lidar kyrkje kl. 13.00. Gudsteneste «Heilt fyrsteklasses gudsteneste» 6 årsbok til 6 åringane Lidar skule v /prost Carl Philip Weisser og Ellen Oddveig Rudi. Dåp. Takkoffer Misjonsprosjektet mor og barn i Etiopia.

September

01 09 2019

Volbu kyrkje kl. 10.00. Utsendingsgudsteneste v/sokneprest Eli Vatn. Takkoffer Pilegrimsvandringa i Valdres. **Pilegrimsvandring med konfirmantane til Hegge kyrkje kl. 17.00.** Høgmesse v/prost Carl Philip Weisser. (Pilegrimsvandrarane serverast av Bygdekvinnelaget.) Takkoffer Ungdomsarbeidet i Soknet.

08 09 2019

Rogne kyrkje kl. 11.00. Høgmesse. Konfirmantpresentasjon v/sokneprest Eli Vatn. Kyrkjekaffe. Takkoffer kyrkjestogo.

22 09 2019

Hegge kyrkje kl. 11.00. Gudsteneste. Konfirmantpresentasjon v/ prost Carl Philip Weisser. Kyrkjekaffe. Takkoffer Kirkens SOS. **Ø.S Sjukeheim kl. 16.30.** Stølsmesse. Kyrkjekaffe v/ Rogne sokneråd kl.15.30 v/prost Carl Philip Weisser.

29 09 2019

Lyskapellet 11.00. Gudsteneste v/prost Carl Philip Weisser.

Den gylne time

Kvar torsdag kl. 17.30 i Lyskapellet. Hjarteleg velkomne.

Pusterom

I Volbu kyrkje.

Fyrste gongen til hausten er 2. september. Sidan held vi fram kvar måndag etter det har vore messe i kyrkja sundagen før.

Kyrkjeskys

LIDAR:

Mette Lein 996 90 632

HEGGE:

Hildegunn Dale 975 82 610

Synnøve Rødningen 992 37 680

VOLBU:

Liv Heitun Eriksen 926 37 556

ROGNE:

Gustav Fystro 910 04 468

Norsk salmebok nr. 252.

Ein bustad har du vore, Gud,
for oss frå ætt til ætt.
Før fjell vart fødde,
ätte du ein evig guddomsrett.

Ditt ord gjer mennesket til støv,
for deg er tusen år
som nattevakta når ho lid,
som dag som kvarv i går.

Som draumen vert dei rivne vekk,
som graset fer dei fort:
Ved morgonbilet er det grønt,
om kvelden turka bort.

Så lær oss , Gud, å telje rett
kvar dag og stund som lid;
så visdom fyller hjarta vårt
vår stutte levetid.

Mett oss med miskunn, Herre ,
når den nye dagen renn,
så vi kan jubla all vår dag
og gleda oss igjen!

Lat alle dei som tener deg
få sjå di gjerning sterk!
Guds ynde vere over oss
og fremje våre verk:

AMEN.

KYRKJA SI HEIMESIDE:

www.kyrkja.no/oystre-slidre

KYRKJA ER OGSÅ PÅ FACEBOOK.

facebook.com/Kyrkja-i-Øystre-Slidre

Her fortel vi om hendingar og opplegg knytt til kyrkjer og kyrkjeliv i kommunen.

